



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteprotokoll

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR

Møtested: , Teams

Dato: 09.01.2025

Tidspunkt: 08:00 - 09:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Jonny Liland	Leder	
Anita Husøy Riskedal	Nestleder	
Margit Dale	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	
Hans Blattmann	Medlem	
Janne Nystøl	Medlem	

Frafall

Mads Drange Medlem

Merknader:

0.5 time møtegodtgjering til førebuing

0.5 time møtegodtgjering for deltaking i møte

Øvrige frammøtte:

Navn

Jørn Trygve Haug

Alf Odden

Ida Christine Apalnes

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Jonny Liland

Margit Dale

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
AU 1/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 2/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 3/25	Referatsaker		
AU 4/25	Orienteringssaker		
AU 5/25	Søknad om bruk av snøskuter til utkøyring av åte til lisensjakt på jerv. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Livar Ravndal. Valle og Sirdal kommune.		2024/12564
AU 6/25	Eventuelt		

AU 1/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.01.2025

Behandling

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent

AU 2/25 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.01.2025

Behandling

Vedtak

Margit Dale vart valt til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

AU 3/25 Referatsaker

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.01.2025

Behandling

Det var inga referatsakar til møte.

Vedtak

AU 4/25 Orienteringssaker

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.01.2025

Behandling

Det var inga orienteringssakar til møte

Vedtak

AU 5/25 Søknad om bruk av snøskuter til utkøyring av åte til lisensjakt på jerv. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Livar Ravndal. Valle og Sirdal kommune.

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.01.2025

Behandling

Verneområdeforvaltar Jørn Haug orienterte at Statsforvaltaren i Agder har motteke søknad om skadefelling av jerv. Utfallet av dette påverkar uansett ikkje saka arbeidsutvalet har til handsaming.

Rovviltansvarleg i SNO, Jon Erling Skåtan, orienterte kort om talet på registrerte jerv og dokumenterte tap av beitedyr i område.

Forvaltar si innstilling samrøystes vedteken.

Vedtak


Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Livar Ravndal løyve til å nytte snøskuter til frakt av åte til lisensjakt på jerv i området Bossbu turisthytte i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Løyvet gjeld for inntil to turar med to snøskuterar i følgje og for perioden 10.1.2025 til og med 15. februar 2025. Utgangspunktet for transporten er Suleskard. Kart over tillate køyreruter, tre alternativ, går fram av vedtaket. Løyvet gjeld også for Johan Ravndal, Martin Rege, Aslak Tjørhom og Jørgen Omlid.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Så sant det er forsvarleg ut i frå tryggleik skal køyreruta over Rosskreppfjorden nyttast.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa.

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 gir arbeidsutvalet i verneområdestyret avslag på køyring utover to turar og køyring vidare til Store Sandvatn.

Kart over tillate køyreruter merka med blå line, tre alternativ. Løyvet gjeld ikkje for køyring til Store Sandvatn



Til grunn for avgjerla legg arbeidsutvalet vekt på det er eit svært avgrensa tal turar der forstyrringa er forbigåande og det ikkje er gode alternativ til frakt av åta. Til skilnad frå tidlegare saker knytt til lisensjakt er transporten av monaleg mindre omfang, det er dokumentert tap av sau til jerv i området og det er truleg at jerv har tilhald i aktuelle område.

Arbeidsutvalet syner til at transporten skal gå føre seg i heilt sentrale vinterbeiteområde for villrein og til ei tid på året det normalt er svært lite annan forstyrring. Ut i frå dette er det vesentleg å avgrensa køyringa så mykje som mogleg og til det som er strengt naudsynt for å frakte inn åte.

For motorferdslo vil det vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at søkar hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

AU 6/25 Eventuelt

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.01.2025

Behandling

Verneområdestyret har fått utsett uttalefrist for kommuneplanen for Bykle til 15. januar. Forvaltar går i dialog med Bykle kommune om ytterlegare utsetting slik at den kan handsamast i verneområdestyret 19.2. Om dette ikkje går ber arbeidsutvalet om at det vert kalla inn til eit ekstra styremøte på teams 15.1.

Forvaltar minna om innbyding frå Klima- og miljødepartementet til teams-møte 21. januar kl. 12.00 – 14.00. Tema er utgreiing av organiseringa av verneområdeforvaltarar. Frist for påmelding 15. januar, sjå lenke nedanfor. Jonny Liland og Anita Husøy Riskedal deltek frå verneområdestyret for SVR. Innlegg på 2 min. frå kvart verneområdestyre.

[Påmelding til teams-møte om oppdrag om utredning av organisering av verneområdeforvaltere - regjeringen.no](#)

Vedtak